



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Oppvekst- og velferdsutvalet		
Kommunestyret		

Miljøarbeidar i Vinjeskulen

Bakgrunn

I kommunestyremøtet 17. desember 2024 i budsjetthandsaminga blei det fatta eit verbalvedtak om å greie ut behovet for miljøarbeidar i skulen. For å betre skulemiljøet ynskje kommunestyret å sjå på moglegheita for å tilsetje miljøarbeidar som kan vera ein ressurs for skulane i dette arbeidet. Kommunestyret ynskje at det vert fremja ei sak for OVU / kommunestyret der ein ser på korleis dette kan organiserast.

Dette verbalvedtaket blei så teke oppatt og etterlyst i kommunestyremøtet 27. mai. Oppvekstansvarleg Anders Sandvik måtte då informere om at dette førebels ikkje var prioritert, då eit par av skulane allereie hadde miljøarbeidar på dette tidspunktet. Verbalvedtak har ein også kalenderåret på å greie ut, dersom ikkje anna er presisert.

Vurdering

Administrasjonen tok opp saka om behov for miljøarbeidar i skulane med skuleleiarane på oppvekstmøta både 05.06.25, 07.08.25 og 23.10.25. Oppvekstansvarleg og leiinga ved den enkelte skulen har i fleire møte gjennom våren og hausten sett på ulike faktorar ved skulemiljø og behovet for miljøarbeidar. Det kom fram at det er miljøarbeidar både på Rauland skule og Åmot skule. Dei to andre skulane såg ikkje behov for slikt tiltak. På grunn av avstandar mellom skulane og poenget med å bygge relasjonar, såg me ikkje at det var rasjonelt å ha éin miljøarbeidar fordelt på fleire skular. Når me så gjekk gjennom utfordringsbilete ved skulane, kom me fram til at det er riktig å halde fram med innsatsen i høve klasseleiing og tydelege krav og forventingar til elevane. Me veit at barn og ungdom ynskjer å vere og gjere så bra som mogleg, men det er ikkje alltid dei greier det. Det kom fram at Åmot skule mangla folk, og at dei hadde ein del elevar som strevar med å finne seg til rette på skulen. Det er i all hovudsak pedagogar som manglar i nokre stillingar i Vinjeskulen. Av totalt 56 lærarstillingar i Vinjeskulen, har me pr 01.10.25 tilsett 6 personar i lærarstillingar utan godkjent pedagogisk utdanning. Dette er ikkje unikt, og me jobbar med rekruttering i lag med både USN og gjennom ulik marknadsføring. På landsbasis manglar Noreg 16 800 kvalifiserte lærarar, slik at utfordringa

også er eit nasjonalt problem. Med særst låg arbeidsløyse og få heimebuande studentar i Vinje, er det vanskeleg å få tilsett tilkallingsvikarar. Me diskuterer moglegheitene for å legge til rette for intern rekruttering blant eigne elevvar til både barnehage- og læraryrket. Det er ei von at avskriving av studielån vil kunne gje ein effekt på søkjarmassa til lærarstillingar i tida som kjem.

Administrasjonen har jobba med å få oversikt på skulemiljøet og utfordringane ved Åmot skule sidan tidleg i vår. Me er klar over at det har vore ein del frustrasjon og uro kring situasjonen med manglande personell, for dårleg informasjon og oppfølging, samt manglande rutinar på fleire område.

Fleire tilsette har sett ord på utfordringar med enkeltelevar og grupper som ikkje let seg regulere. Åmot skule har siste året tilsett ein barnevernspedagog som skulle kunne jobbe med elevsamtaler, jobbe inn i klassemiljø og rettleie og avlaste pedagogane. I tillegg vart det tilsett barnevernspedagog og ein barne- og ungdomsarbeidar som var tiltenkt miljøarbeid blant elevane. Derimot såg me etter kvart at dei ofte blei brukt til lærarvikar eller sett inn på enkeltelevar, slik at dei ikkje fekk fungere i den miljøarbeidarfunksjonen dei var tiltenkt. Dette handla i stor grad om at det mangla lærarar ved Åmot skule, og at dei ikkje makta å skaffe vikarar. Medio september vart det difor bestemt at me skulle jobbe for å få tilsett ein miljøarbeidar ved Åmot skule som skulle jobbe skulemiljøretta slik det vart teke initiativ til i verbalvedtaket.

Ved gjennomgang av ressursbruken og ein del rutinar ved skulen, ser me likevel at det er pedagogar det er bruk for ved Åmot skule no – ikkje fleire miljøarbeidarar. Det er viktig å fokusere på systematisk arbeid og sikre gode rutinar, slik at me faktisk ser alle elevane og greier å skape trygt og godt læringsmiljø for alle. Truleg kan me omorganisere noko i høve plassering av dei ressursane me har i dag i tillegg til at me må fokusere på å få dekt opp vakante lærarstillingar. Å utvikle gode rutinar og system med god informasjonsflyt blir det viktigaste arbeidet Åmot skule skal prioritere i tida som kjem. Her får leiinga og tilsette god rettleiing gjennom Læringsmiljøprosjektet som Vinje oppvekst er med i. Dette er ekstern veiledningsteneste i regi av UDIR og Læringsmiljøsentret i Stavanger. Her blir det målretta arbeid og trening på gjennomføring. Me ynskjer å utvikle heile profesjonsfellesskapet i Vinje oppvekst, slik at me kan spele på kvarandre og utvikle meir inkluderande kultur som skapar meir læring og trivsel.

Målsettinga må vere å bruke riktig arbeidskraft på riktig stad. Me ynskjer at lærarane skal få vere pedagogar og lærarar, samstundes som dei som har best føresetnader til å vere aktive ute i skulemiljøet skal få vere der og møte elevane på litt andre premisser. Slik me ser det no er det ikkje behov for miljøarbeidar i skule. Likevel er det fint å kunne kome attende med å melde behov for miljøarbeidar dersom det skulle dukke opp. Vinje oppvekst set stor pris på at kommunestyret syner vilje til å fylgje opp læringsmiljø og ser etter gjennomførbare løysingar. Administrasjonen legg i samarbeid med OVU opp til ein skulefagleg dag med kommunestyret i januar/februar der me mellom anna vil gå meir detaljert inn på skulemiljø og bemanningssituasjonen.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret tek orienteringa til etterretning og går ikkje vidare med ei auka satsing på miljøarbeidarar inn i skulane på noverande tidspunkt.